



Møteinnkalling

Utval:	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune
Møtestad:	Skjenet 2, møterom i andre etasje
Dato:	15.10.2018
Tid:	09:00

Forfall med grunngjeving må meldast snarast på e-post
politisksekretariat@nyeoygardenkommune.no

Varamedlem møter berre etter særskilt innkalling.

Det vert servert lunsj etter møtet, rundt kl. 12.00.

Straume, den 8.oktober 2018.

Børge Haugetun (s)
Leiar

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 52/18	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 53/18	Referatsaker og orienteringar
RS 6/18	Vurdering av sak gjeldande habiliteten til representant Tom Georg Indrevik
PS 54/18	Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda
PS 55/18	Kommuneplan for nye Øygarden kommune
PS 56/18	Styringsdokument for administrativ prosjektorganisering
PS 57/18	Oppfølging av inndelingslova knytt til kontrollutval og andre råd og utval
PS 58/18	Nye Øygarden kommune - oppstart av arbeid med ordførarkjede



**NYE ØYGARDEN
KOMMUNE**

Arkiv: 022.3
Saksmappe: 2018/34-26626/2018
Sakshandsamar: Unni Rygg
Dato: 08.10.2018

SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
52/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	15.10.2018

Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
53/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	15.10.2018

Referatsaker og orienteringar

- Prosjektrådmannen si munnlege orientering – prosjektstatus
- RS 6/18 Vurdering av sak gjeldande habiliteten til representant Tom Georg Indrevik v/ kommuneadvokaten i Fjell, Dag-Heine Bjørndal



FJELL KOMMUNE

Kommuneadvokaten

Offentleglova §13

Prosjektrådmannen
Att. Rune Lid
Skjenet 2
5354 STRAUME

Dykkar ref.
PS40/18

Vår ref.
2018/53 - 844/2018

Saksb. – tlf.
Dag-Heine Bjørndal - 55097165

Dato
14.09.2018

Vurdering av sak gjeldande habiliteten til representant Tom Georg Indrevik

1. Innleiing

Underteikna syner til sak gjeldande habiliteten til representant Tom Georg Indrevik i sak nr 40/18 i møte i fellesnemnda 18.06.18. Det var i starten noko uklårt kven som skulle ha bestillinga, men eg har fått avklart at det er prosjektrådmannen som er rette mottakar. Svaret går difor til prosjektrådmann Rune Lid, med kopi til leiar av fellesnemnda Børge Haugetun.

2. Oppdraget

Saka gjeld sak PS 40/18 i møte i fellesnemnda 18.06.18.

I protokoll frå møtet går det fram at representant Tom Georg Indrevik bad om å få vurdert sin habilitet, tufta på at han er styreleier i Gode Sirklar AS. Avgjersla er teke av fellesnemnda i samsvar med fvl. §8, 2. ledd. Mitt oppdrag er å vurdere om avgjersla om å kjenne representanten Tom Georg Indrevik inhabil var riktig ut frå forvaltningslova sine reglar om habilitet i §6.

3. Kort om habilitet for styremedlem i selskap

I utgangspunktet vil eit styreverv i eit selskap føre til inhabilitet der selskapet er part i saka, jfr. fvl. §6, 1. ledd, bokstav e), jfr. §10. Saka som gjeld eigarskapsmodellar munnar ikkje ut i enkeltvedtak som rettar seg mot personar eller institusjonar, heller ikkje Gode Sirklar AS.

Postadresse: Telefon: 55 09 60 00
Postboks 184 Telefaks: 55 09 60 01
5342 STRAUME www.fjell.kommune.no

Bankkonto: 5261 05 00013
Ansvarleg advokat:
MNA:
Epost:

Org.nr: 951 996 777
Dag-Heine Bjørndal, tlf. 55097165
Medlemmer av advokatforeningen
Dag.Bjorndal@fjell.kommune.no

Saka er ei overordna sak, og må reknast for eit strategidokument eller tilsvarande ein overordna plan. Dermed kan ein ikkje nytte reglane i fvl. §6, 1. ledd på denne saka. For ei meir generell orientering om desse reglane, så notat vedlagd mitt brev dagsett 19.07.18 med referanse 2018/53 – 675/2018.

Det er altså fvl. §6, 2. ledd som skal nyttast i vurderinga av representanten sin habilitet.

4. Styrerepresentasjon er ikkje nok i seg sjølv i denne saka

At eigarskapsmeldinga omhandlar Gode Sirklar AS er ikkje avgjerande i seg sjølv. Selskapet er eitt av mange selskap som eigarskapsmeldinga omtaler.

Vedtaket som vart gjort rettar seg ikkje direkte mot selskapet, men gir derimot føringar for korleis aksjeeigarane skal opptre i generalforsamlingane i selskapet. Eit AS er ein sjølvstendig juridisk person. Vedtaket vil difor legge føringar for aksjeeigarane, ikkje selskapet direkte. Det er ei kopling mellom aksjeeigarane (kommunane) og selskapet, men slik eg vurderer dette så er ei slik kopling i seg sjølv for svak til å føre til inhabilitet i denne saka.

5. Høyringsutspelet frå Gode Sirklar AS

I dokumenta vedlagd saka, så ligg også eit høyringsutspel frå Gode Sirklar AS. I høyringsinnspelet går det fram at høyringsinnspelet er utarbeidd i samråd med styret i Gode Sirklar AS. Det går også fram at Gode Sirklar AS (i samarbeid med Vest næringsråd) ønskjer å ta ansvar for eit prosjekt med å etablere eit nytt selskap, Øygarden nærings- og utvikling AS. Høyringsnotatet inneheldt fleire tema, mellom anna etablering av kontaktnett til næringsliv og forskingsmiljø, finansiering, styring og organisasjonsmodell, m.v.

Det vert konkret bedt om at fellesnemnda vurderer å gje Gode Sirklar AS i samarbeid med Vest Næringsråd i oppgåve å gjennomføre eit prosjekt for å etablere det nye selskapet, under styring av fellesnemnda.

Dette betyr at Gode Sirklar AS har interesse i utfallet av vedtaket om eigarskapsmodellar.

Avgjerande for habilitetsspørsmålet er då om styreleiar kan ha ein særleg fordel, tap eller ulempe som følgje av vedtaket. Eg ber lesaren legge merke til at lova ikkje stiller vilkår om at avgjerla har slik verknad, men om avgjerla «*kan*» medføre slike følgjer for styreleiar.

Denne vurderinga skal gjerast i lys av prinsippet om at ein er inhabil dersom det ligg føre tilhøve som «*er egnet til*» å svekke habiliteten (tilliten) til vedkomande representant. Det er altså ikkje krav om at tilliten faktisk er svekka, det er nok at nok er egna til å svekke tilliten.

I seg sjølv er det uvanleg å gje eit privat selskap i oppdrag å gjennomføre eit prosjekt på vegne av det offentlege når det er tale om prosjekt som omhandlar organisering av næringsutvikling på vegne av det offentlege. Når det kjem eit høyringsinnspel frå det selskapet som kan hende vert erstatta av eit nytt selskap, og der selskapet stiller seg til disposisjon for å gjennomføre denne prosessen på vegne av det offentlege, så har selskapet ei relativ sterk interesse i utfallet. Denne interessa er ikkje ei partsinteresse, men ligg opp til noko tilsvarande.

Terskelen for inhabilitet for høgtstående representantar i offentlege organ som samstundes har høgare verv i aktuelle selskap kjem fram mellom anna i JDLOV-2012-3772 og JDLOV-

2013-369 (to konkrete eksempel i uttaler frå justisdepartementet si lovavdeling). I JDLOV-1989-2974 vert det uttalt at:

«Spørsmålet gjelder tilfeller hvor en fylkeskommunal tjenestemann eller et medlem av fylkestinget, fylkesutvalget eller en fylkeskommunal nemnd sitter som styremedlem i et helt offentlig eid selskap»

og vidare

«Forvaltningslovens § 6 annet ledd knytter seg til første ledd. Det sies at ugildhet inntreffer når «andre» særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til personens upartiskhet. Bestemmelsens system er at når det gjelder forhold som ikke rammes av første ledd, inntreffer det ikke automatisk inhabilitet etter annet ledd bare fordi tilfellet nesten rammes av første ledd. Det må vurderes i det enkelte tilfelle om det foreligger slike «særegne forhold». Et slikt særegent forhold, som etter en konkret vurdering kan tenkes å være «egnet til å svekke tilliten» til styremedlemmets uhildethet, kan være at det foreligger et konkurranseforhold mellom det helt eide offentlige selskap og det deleide/private selskap. Om vurderingen i slike tilfeller viser vi til Arvid Frihagen: «Inhabilitet etter Forvaltningsloven».. 1985, s 259-261 og s 308-310. Se også Ot.prp.nr.27 (1968–1969) s 37».

Representanten er styreleiar i Gode Sirklar AS og samstundes medlem av fellesnemnda for Nye Øygarden kommune. Han er klårt nok ei person som har høgare stilling i det offentlege og i selskapet, og vurderingane som er gjort av justisdepartementet vil difor kunne nyttast også i fellesnemnda si sak PS 40/18.

Eit direkte konkurransetilhøve ligg ikkje føre her, men Gode Sirklar AS har ønskje om å gjennomføre eit prosjekt som vil påverke deira stilling. Dette er tett opp til det som er omhandla i nemnde uttale frå justisdepartementet. Synet er støtta av forfattaren Arvid Frihagen. Seinare praksis frå mellom anna Sivilombodsmannen syner at terskelen for å verte inhabil har vore stabil og til dels senka dei siste åra. Som illustrasjon kan synast til synspunkta som kjem frå i dom RT-1998-1398.

Praksis og juridisk teori syner at ein i dag er varsam i saker som omhandlar private interesser og offentlege interesser, jamvel om det ikkje ligg føre direkte økonomiske interesser. Fvl. §6, 2. ledd skil heller ikkje på kva føremoner som skal vektleggjast – anten det er personlege, økonomiske eller andre føremoner eller ulemper for vedkomande tenestemann.

6. Konklusjon

På bakgrunn av dette meiner eg at styreleiar i Gode Sirklar AS var inhabil til å vere med i handsaminga av vedtakinga av eigarskapsmodellen. Det er altså ikkje styrevervet i seg sjølv som er avgjerande, men at han er styreleiar i eit selskap som ut frå høyringsuttalen har synt ei sterk og direkte interesse i utfallet av sakshandsaminga i fellesnemnda. Eg er ikkje i tvil om konklusjonen, og eg meiner at saka ligg i kjernen av det som vert ramma av fvl. §6, 2. ledd.

Ut frå mi vurdering var det korrekt av representant Tom Georg Indrevik å be fellesnemnda vurdere habiliteten. Han har gjort det som lova krev av han i slike situasjonar. Eg meiner vidare at avgjersla som fellesnemnda trefte om å kjenne representant Tom Georg Indrevik inhabil var korrekt.

Med helsing

Dag-Heine Bjørndal
advokat

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.



**NYE ØYGARDEN
KOMMUNE**

Arkiv: 022.3
Saksmappe: 2017/5634-26631/2018
Sakshandsamar: Unni Rygg
Dato: 08.10.2018

SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
54/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	15.10.2018

Spørsmål frå medlemer i fellesnemnda



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
55/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	15.10.2018

Kommuneplan for nye Øygarden kommune

Samandrag av saka:

I samband med møtet i fellesnemnda 10. september vart det reist spørsmål om prosjekt-organisasjonen allereie no bør setja i gong arbeidet med ein samfunnsplan for nye Øygarden kommune. Prosjektrådmannen har vurdert dette nærare i lys av intensjonsavtalen. Arbeidet med ein heilt ny kommuneplan for nye Øygarden kommune, både med areal- og samfunnsdel, kan starta tidleg i 2020. Prosessen bør løpa parallelt med utarbeiding av kommunal planstrategi for kommunestyreperioden.

Innstilling:

1. Fellesnemnda vedtek å starta opp arbeidet med ny kommuneplan for nye Øygarden kommune, både arealdel med føresegnar og samfunnsplan, tidleg i 2020.
2. Fellesnemnda vedtek framdriftsplan for prosessen med planstrategi i den nye kommunen, inkludert planprogram til kommuneplanen, slik det går fram av saksutgreiinga.

Straume, den 08.10.2018

Rune Lid
Prosjektrådmann

Dokument vedlagt saka:

Ingen.

Saksopplysningar:

1. Innleiing

I fellesnemnda 10. september orienterte prosjektrådmann Rune Lid om status i ulike saker. Frå protokollen frå møtet er følgjande referert knytt til orienteringane:

«Etter presentasjonen stilte Ernst M. Einarsen spørsmål om prosjekteringsorganisasjonen allereie no bør setje i gang arbeidet med samfunnsplan for nye Øygarden kommune, for å sikre jamn utvikling av planarbeidet som er i «dvale» i eksisterande kommunar, då det er vesentleg for utviklinga og budsjettet til den nye kommunen. Både leiar av fellesnemnda, Børge Haugetun, og prosjektrådmann Rune Lid, viste til at det vil kome ei eiga sak til neste møtet i fellesnemnda om slike «grensesnitt-områder» mellom noverande kommunar og den nye kommunen.»

I denne saka vil prosjektrådmannen gjera greie for tilrådingar når det gjeld prosess for arbeidet med planstrategi og ny kommuneplan. Viktige dokument og presiseringar er intensjonsavtalen, plan- og bygningslova, inndelingslova, rundskriv og andre kjelder. Det er gjort ei vurdering på basis av dette med vidare framgangsmåte og tidshorisont som prosjektrådmannen har lagt til grunn når ny planstrategi og kommuneplan skal utarbeidast for nye Øygarden kommune.

2. Vedteken intensjonsavtale og planstatus i eksisterande kommunar

I kap 9 «Samfunnsutvikling» i vedteken intensjonsavtale heiter det:

«Kommunane sine gjeldande kommuneplanar med arealdel skal vidareførast til nye planar for den nye kommunen er vedteke. Me vil satsa målretta på infrastruktur og heilskapleg arealpolitikk for heile den nye kommunen.»

Planstatus for dei tre kommunane vedk. kommuneplan er slik:

Øygarden kommune: Har en vedteken kommuneplan med samfunnsdel, arealdel og føresegner (2014).

Sund kommune: Har ein vedteken arealdel med føresegner (vedteken 2011), men planen er under revisjonen med forventningar om ferdigstilling 2019. Ny samfunnsplan vart vedteken 2018.

Fjell kommune: Har ein vedteken kommuneplan med arealdel og føresegner (vedteke 2015), men ikkje samfunnsdel. Kommunen har kommunedelplanar/temaplanar som «erstattar» samfunnsdelen

Arealdelen er juridisk bindande. Samfunnsdelen er rettleiande og ikkje juridisk bindande.

3. Lovverket i plan og bygningsloven

I ein artikkel sist oppdatert: 31.08.2018 frå [Kommunal- og moderniseringsdepartementet](#) heiter det:

«Hvilken status får kommuneplanens arealdel ved kommunesammenslåing?

Når kommuner slår seg sammen vil den enkelte kommunes arealplan gjelde som før sammenslåingen. Planen vil i realiteten bli en kommunedelplan i den nye kommunen. Planen vil gjelde det samme arealet som før, den vil være rettslig bindende og styre arealdisponeringen på akkurat samme måte som før sammenslåingen. På sikt bør selvsagt kommunen vedta en samlet ny arealdel som skal gjelde for hele kommunen. Den må vedtas etter de vanlige prosedyrer som gjelder for rullering av planer, jf. plan- og bygningsloven (pbl.) kapittel IV.

Den nye kommunen bør tidlig vurdere behovet for revisjon av sine arealdeler. Ideelt sett bør endringene skje som en del av den løpende rulleringen, dvs. etter behandlingen av den kommunale planstrategien. Dersom den nye kommunen mener det er nødvendig med raske endringer av arealdelen, kan slike vedtas utenom den vanlige rulleringen, jf. pbl. § 11-17. Kommunen kan også legge ned bygge- og deleforbud i påvente av slik endring, jf. pbl. kap. 13.»

Plan- og bygningslova sine kap 10 og 11 omtalar planstrategi og kommuneplan.

§ 10-1. Kommunal planstrategi

«Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.


Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.»

Gjennom vedtak av kommunal planstrategi (§10-1) avgjør kommunen blant anna om det skal gjerast ein full eller delvis kommuneplanrevisjon, og kva den skal gå ut på. Dersom ein vedtek å starta opp revisjonen av kommuneplanen, skal det utarbeidast eit planprogram som utdjupar innhaldet i revisjonen. Planprogrammet kan samordnast med planstrategien.

Kommunal planstrategi er eit verktøy i plan- og bygningslova. Føremålet er å klargjera kva for planoppgåver kommunen bør starta opp eller vidareføra for å leggja til rette for ein ønska utvikling i kommunen. Planstrategien set eit sterkt fokus på at planlegginga skal vera behovsstyrt og ikkje gjerast meir omfattande enn nødvendig. Dette er også nedfelt i plan- og bygningslova § 3-1 tredje ledd om oppgåver og omsyn i planlegging etter loven.

Den kommunale planstrategien er eit hjelpemiddel for det nye kommunestyret til å avklara kva for planoppgåver kommunen skal prioritera i valperioden for å møta kommunen sine behov. Eit viktig siktemål er å styrka den politiske styringa av kva for planoppgåver som skal prioriterast. Arbeidet med kommunal planstrategi vil gje ein betre og meir systematisk vurdering av kommunen sine planbehov slik at kommunen betre kan møta dei aktuelle utfordringane.



Figur 1: Kommuneplanprosessen.


§ 11-1. Kommuneplan

«Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel.

Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn.

Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder. Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommuneloven § 44 kan inngå i handlingsdelen.»

Integrert kommuneplanlegging



Figur 2: Ett-årshjulet som en del av handlingsdelen og 4-årshjulet som en del av kommuneplanprosessen.



Figur 3: «Overordnede» retningslinjer og føringer for kommuneplan.

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument. Det er eit viktig prinsipp at kommunal planlegging fremjar heilskapen i samfunnet(§3.1 i PBL), og at oppgåver og interesser i eit område vert sett i samanheng.

For at det skal vera mogeleg, må kommunal planlegging ta omsyn til og ivareta både nasjonale, regionale og kommunale mål og interesser og oppgåver og bidra til å gjennomføra internasjonale konvensjonar. I tillegg skal kommuneplanen ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien.

§ 11-13. Utarbeiding av planprogram

«For kommuneplan skal det utarbeides planprogram etter reglene i § 4-1. Forslag til planprogram skal sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsel om oppstart og kunngjøring av planarbeidet, og gjøres elektronisk tilgjengelig på nett. Fristen for å gi uttalelse skal være minst seks uker.

Planprogrammet fastsettes av kommunestyret. Kommunestyret kan delegere myndigheten i samsvar med kommunelovens regler. Kommuneplaner med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging skal inneholde en særskilt vurdering og beskrivelse av planens virkninger for miljø og samfunn, jf. § 4-2 andre ledd.»

Planprogrammet er eit fleksibelt verktøy for den tidlege fasen av planarbeidet og skal tilpassast den konkrete plansituasjonen og planbehovet. Som et minimum skal planprogrammet gjera greie for formålet med planarbeidet, planprosessen og opplegget for medverknad (deltaking).

Det vert føresett at planprogrammet inneheld nødvendig informasjon og er av ein slik kvalitet at det gjev grunnlag for medverknad og relevante innspel frå berørte styresmakter og andre med interesse i planarbeidet. Det er difor nødvendig med ein open prosess for å koma fram til eit godt planprogram. For berørte styresmakter skal planprogrammet også danna grunnlag for desse styresmaktene sine vurderingar om planen kan koma i konflikt med nasjonale eller viktige regionale interesser.

4. Inndelingslova

§ 13. Lokale forskrifter, vedtekter og planvedtak

«Ved samanslåing og deling av kommunar eller fylke gjeld lokale forskrifter og vedtekter framleis for vedkomande område inntil dei blir endra. Departementet fastset ein nærmare frist for når det lokale regelverket må vere vurdert med sikte på nødvendig endring.

Ved grensejustering skal forskrifter og vedtekter i den utvida kommunen straks gjelde for det overførte området.

Ei grenseendring har ikkje verknad for kommunale og regionale arealplanar som er utarbeidde etter reglane i plan- og bygningsloven (prosjektrådmannen si utheving). For andre planvedtak kan departementet gi nærmare reglar om verknad av grenseendringa, mellom anna fristar for revisjon av planvedtaka.»

Det er altså viktig å merka seg at kommunale og regionale arealplanar som er utarbeidde etter PBL framleis vil gjelda etter kommunesamanslåing inntil nye lovlege endringsvedtak er fatta av den nye kommunen.

Vurdering:

Som det går fram av saka er det klare reglar for utarbeiding av planstrategi og kommuneplan. Det er kommuneval hausten 2019. I løpet av eit år etter at det nye kommunestyret er konstituert, skal det utarbeidast og fattast vedtak om planstrategi i det nye kommunestyret. Prosjektrådmannen meiner det er naturleg at planprogrammet til ein ny kommuneplan kan integrerast i planstrategisaka slik det går fram av siste avsnitt i §10-1 (planstrategi i PBL).

Spørsmål stilt i fellesnemnda 10. september rettar seg spesielt mot ein ny samfunnsplan. Prosjektrådmannen meiner at ein ny samfunnsplan for nye Øygarden kommune heng saman med ein ny arealplan. Sjølv om lova opnar for at det kan vera to ulike prosessar, bør den nye kommunen få ein «god start» ved å samkjøra areal- og samfunnsdelen for å få ein best mogleg heilskapleg planlegging.

Vidare står det i intensjonsavtalen at kommunane sine gjeldande kommuneplanar med arealdel skal vidareførast til nye planar for den nye kommunen er vedteke. I dei tre kommunane ligg det føre ei rekkje delplanar om ulike tema (rus, trafikksikring, bustadspørsmål, beredskap for å nemna nokre). Desse planane kan leggjast til grunn når ein startar arbeidet med planstrategisaka. Eit nytt kommunestyre med 45 representantar vert vald hausten 2019, men er ikkje vedtaksfør før 01.01.2020. Det er det nye kommunestyret som skal gjera vedtak og må ha eit eigarskap både til planstrategi og kommuneplanprosess.

Det vert lagt opp til at planarbeidet vert påbyrja straks etter det nye kommunestyret har kome i arbeid 01.01.2020.

Fram til 2020 er det tre kommunar som fortsatt er sjølvstendige. Prosjektrådmannen meiner at vi difor ikkje kan påbyrja dette viktige arbeidet før på slutten av 2019. Som det går fram av lovverket kan kommunen ein periode etter samanslåinga leva med vedtekne arealplanar, også kommuneplanen sin arealdel frå kvar kommune.

Det vert lagt opp til slik framdrift etter at kommunevalet er avvikla og det nye kommunestyret er konstituert:

	Aktivitet	Tidsrom
1.	Førebu val av representantar til råd, utval, nemnder mm.	Oktober –desember 2019
2.	Førebuing og framdriftsplan for gjennomføring av planstrategisaka	Oktober –desember 2019
3.	Oppstart med planstrategisak, Planprogrammet til ein ny kommuneplan (obligatorisk) vert ein integrert del av planstrategisaka	Januar - september 2020
4.	Planstrategisaka og planprogram for ny kommuneplan politisk handsaming	Seinast i oktober 2020
5.	Oppstart av arbeid med ny kommuneplan for nye Øygarden kommune – arealdel og samfunnsplan	Oktober - november 2020



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
56/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	15.10.2018

Styringsdokument for administrativ prosjektorganisering

Samandrag av saka:

Styringsdokument for administrativ prosjektorganisering vert lagt fram for fellesnemnda til godkjenning. Dokumentet er godkjent administrativt av overordna styringsgruppe i møte 08.10.18.

Styringsdokumentet byggjer på intensjonsavtalen der visjon og målsetjingar for den nye kommunen er definert. Styringsdokumentet viser korleis prosjektet er organisert og dimensjonert og utgjer kontrakten mellom fellesnemnda og prosjektrådmannen.

I styringsdokumentet er det mellom anna gjort greie for fellesnemnda sin delegasjon til prosjektrådmannen. Saker av politisk og prinsipiell karakter skal alltid leggjast fram for fellesnemnda til avgjerd. Prosjektrådmannen gjev jamleg orientering til fellesnemnda om saker omfatta av prosjektrådmannen sin delegasjon og om framdrift og status i prosjektet.

Innstilling:

Fellesnemnda godkjenner styringsdokument for administrativ prosjektorganisering slik det ligg føre.

Straume, den 04.10.2018

Rune Lid
prosjektrådmann

Dokument vedlagt saka:

- Styringsdokument for administrativ prosjektorganisering – oppdatert 08.10.2018

Saksopplysningar:

Styringsdokumentet byggjer på intensjonsavtalen vedteken i kommunestyra i Fjell, Sund og Øygarden 21.06.2017 der visjon og målsetjingar for den nye kommunen er definert.

Dokumentet viser korleis prosjektet er organisert og dimensjonert og utgjer kontrakten mellom fellesnemnda og prosjektrådmannen.

Dokumentet inneheld følgjande hovudtema:

- Vi skal byggja ein ny kommune
- Mål og suksesskriterier for prosjektet
- Organisering av samanslåingsprosessen – overordna prosjektorganisasjon
- Hovudprosjekt administrativ styring
- Prosjektmetodikk
- Rapportering til fellesnemnda
- Økonomi i prosjektet
- Overordna ROS i prosjektet
- Kommunikasjonsplan
- Prinsipp for god koordinering

Styringsdokumentet er administrativt godkjent av overordna styringsgruppe som består av rådmannsgruppa, hovudtillitsvalte og hovudverneombod. I tillegg er prosjektleiarane for dei respektive kommunalsjefområda representert i overordna styringsgruppe for å sikra heilskap og samarbeid på tvers.

Styringsdokumentet er lagt til grunn for prosjektmandata til prosjektgruppene innan oppvekst, helse og velferd, kultur og samfunn, økonomi og organisasjon og digitalisering.

Vurdering:

Prosjektrådmannen meiner styringsdokumentet gjev prosjektrådmannen eit klart og tydeleg oppdrag om kva som skal gjerast og korleis prosjektet skal gjennomførast. Dokumentet er soleis eit godt grunnlag for prosjektrådmannen til å gjennomføra og styra prosjektet med mål om at nye Øygarden kommune skal vera i drift frå 01.01.2020.

Styringsdokument for administrativ prosjektorganisering

Oppdatert 8.10.2018



Innhald

Vi skal byggja ein ny kommune	3
Visjon: Øygarden – eit fyrtårn i vest	3
Følgjande hovudmål er henta frå intensjonsavtalen og er lagt til grunn for prosjektorganiseringa	3
Følgjande føresetnader er henta frå intensjonsavtalen og er lagt til grunn for prosjektorganiseringa	4
Mål og suksesskriterier for prosjektet	5
Effektmål	6
Resultatmål	6
Suksesskriterier	6
Organisering av samanslåingsprosessen - overordna prosjektorganisasjon	7
Mynde til prosjektrådmann – administrativ styring	8
Hovudprosjekt administrativ styring	10
Forklaring til nivåa i modellen	10
Prosjektmetodikk	13
Prosjektmandat prosjektleiar	13
Prosjektmandat delprosjektleiar	14
Oppdrag for Fellesnemnda	14
Oppdrag for prosjektrådmann	14
Rapportering til fellesnemnda	14
Økonomi	14
Overordna ROS i prosjektet	15
Kommunikasjonsplan	15
Prinsipp for god koordinering	16

Vi skal byggja ein ny kommune

Med bakgrunn i vedteken intensjonsavtale gjorde dei tre kommunestyra i Fjell, Sund og Øygarden i juni 2017 vedtak om å slå seg saman til ein ny kommune.

Styringsdokumentet byggjer på intensjonsavtalen der visjon og målsetjingar for den nye kommunen er definert.

Styringsdokumentet viser korleis prosjektet er organisert og dimensjonert og utgjer kontrakten mellom Fellesnemnda og prosjektrådmannen.



- Namnet på den nye kommunen er Øygarden kommune.
- Sund kommune sitt kommunevåpen skal vera kommunevåpenet i den nye kommunen.
- Straume skal vera kommunesenter med kommunedelsenter på Rong og i Skogskiftet.

Nærtenebestepriinsippet skal leggjast til grunn for tenesteytinga i den nye kommunen. Det betyr at dei publikumsretta tenestene skal vera sikra i kommunale servicesenter, og dei brukarretta tenestene skal vera lokaliserte så nær brukarane som mogeleg.

- Administrasjonsspråket skal vera nynorsk.

Kommunen skal løfta fram tre viktige verdiar som felles *kultur, språk og identitet*. Vi skal ha ein kommune innbyggjarane er stolte av og der det er godt og trygt å bu og leva.

Visjon: Øygarden – eit fyrtårn i vest

Den nye kommunen skal byggja vidare på felles kyst- og strilekultur med lokalt sjølvstyre, gode tenestetilbod til innbyggjarane og framtidsretta samfunns- og næringsutvikling som sikrar attraktivitet og vekst i heile kommunen.

Følgjande hovudmål er henta frå intensjonsavtalen og er lagt til grunn for prosjektorganiseringa


- Den nye kommunen skal vera eit regionalt og nasjonalt fyrtårn innan teknologi, energi og marine næringar

- Kommunen skal vera ein attraktiv bu- og arbeidsregion i bergens regionen
- Kommunen skal ha ein berekraftig kystkultur
- Kommunen skal levera tenester av høg kvalitet til beste for innbyggjarane.
- Heile kommunen skal takast i bruk med levande lokalsamfunn og eit mangfaldig kommunesenter
- Kommunen skal vera ein god arbeidsgjevar der trivsel og kompetanse er grunnleggjande faktorar
- Infrastruktur innan veg, fiberkabling og VAR-tenester er høgt prioritert og skal framleis byggjast ut

Følgjande føresetnader er henta frå intensjonsavtalen og er lagt til grunn for prosjektorganiseringa

- Beste praksis i dei noverande kommunane skal vidareførast
- Næstenesteprinsippet skal leggjast til grunn med daglege tenester som er tilgjengelege for innbyggjarane lokalt og digitalt.
- Gode tenestetilbod til innbyggjarane
- Felles kyst- og strilekultur med lokalt sjølvstyre

Mål og suksesskriterium for prosjektet



Hovudmål

- Dett skildrar kvifor prosjektet er etablert.

Ny kommune skal vera i drift frå 1.1.2020 med alle avgjerande element på plass.

Intensjonsavtalen som ligg til grunn for etablering av ein ny stor kommune med om lag 40.000 innbyggjarar har eit samfunnsperspektiv på 20 –50 år. Det er difor viktig at vi utarbeider eit godt grunnlag som gjer at vi kan arbeida med dette perspektivet i den nye kommunen. I prosjektarbeidet vil ei sentral oppgåve vera målbildestyring med eit perspektiv på før og etter 1.1.2020.

Resultatmål

- *Resultatmål skildrar kva et prosjekt skal oppnå og er knytt til prosjektets resultat og leveranse.*
- Organisera prosjektet med kompetente medarbeidarar som har tydelege rollar og mandat
 - Å byggja ein ny kommune som er driftsklar frå eit bestemt tidspunkt krev god prosjektorganisering med tydeleg leiing og avklarte rolle og ansvar
 - Det er viktig med gode struktur, rolle og spelereglar i prosjektet for å kunna bidra til ryddig og målretta gjennomføring
 - I prosjektet med etablering av Nye Øygarden kommune har vi fokus på at tilsette i noverande kommunar skal inkludast og delta aktivt i prosjektarbeidet. Tilsette har god kompetanse og kjensle til tenestene og vil i prosjektarbeidet få høve til å påverka framtida i den nye kommunen
 - Det er i prosjektperioden viktig å skilja mellom oppgåver og leiing av dei «gamle» kommunane og oppgåver og leiing av prosjektorganisasjonen som skal byggja ny kommune
- Ressursoptimalisering
 - Dette handlar om å tilpasse behova i organisasjonen for å oppnå etablerte mål med tilgjengelege ressursar (menneskelege, maskiner, økonomiske).
 - Dette krev ein klar og tydeleg struktur og organisering av dei ulike tenestene kommunen skal tilby.

Suksesskriterium


Dette skildrar kva vi må vi må gjøre for å realisere resultatmål og hovudmål.

- Endringsleiing, involvering og kommunikasjon
 - Prosjektorganiseringa krev god endringsleiing der vi skal bringa organisasjonen frå noverande status til ønska framtidig status. Dette er ein dynamisk prosess der vi må passera grunnleggjande hindringar for nytenking og endring.
 - Det er viktig å inkludera tilsette både før, undervegs og etter at prosjektet er gjennomført. Krav til samarbeid og informasjon i samsvar med hovudavtalen og AML vert lagt til grunn.
 - For å få kommuneorganisasjonane med på å gjennomføra endring vil det vera viktig at vi bidreg til forståing for og lojalitet til endringane. Dette krev mellom anna jamleg og open kommunikasjon med heile organisasjonen.

- Mellomleiar er ofte leiar i endring, og ikkje nødvendigvis leiar av ein endringsprosess. Det ligg i rolla til mellomleiaren å setje endringane ut i livet og syta for at dei vert gjennomført i praksis. Dette stiller store krav til rolleforståing og tolmod.
- Kultur for løysningsorientering og innovasjon
 - For å sikra godt samarbeid og god kommunikasjon mellom tilsette i prosjektperioden er det lagt til grunn eit dokument med prinsipp for god koordinering. Sjå vedlegg 1 - dokument frå Øygarden kommune.
 - Det må utviklast ein organisasjonskultur som legg vekt på gode normer og verdiar for samarbeid, samskaping og tenesteutvikling.
 - Delingskultur er ein viktig premiss for prosjektarbeid. Det bidrar til å skapa godt samarbeid, gode løysningar og nytenking.
 - Kultur for løysingorientering og innovasjon krev samarbeid og deling mellom deltakarane i prosjektgrupper og på tvers av prosjektgruppene. Det krev deling av kunnskap og kompetanse mellom dagens kommunar og prosjektorganisasjonen.

Organisering av samanslåingsprosessen - overordna prosjektorganisasjon

Figuren under viser prinsippskisse for prosjektorganiseringa



Mynde til prosjektrådmann – administrativ styring

Delegasjon til prosjektrådmann i fellesnemnda Jf. Vedtak PS 38/18 og PS 9/17.

Vedtak i fellesnemnda - 02.10.2017, sak PS 9/17:

1. *Fellesnemnda vedtek framlagte mandat for det vidare arbeidet med å skipa Nye Øygarden kommune.*
2. *Fellesnemnda tek prosjektleiaren si førebelse skisse til milepelsplan til orientering, og føreset at prosjektleiaren utviklar og oppdaterer denne i forståing med fellesnemnda*

Mandat prosjektleiar:

- Etablera Nye Øygarden kommune frå 01.01.2020 i samsvar med inndelingslova, Intensjonsavtalen, stiftingsvedtak i Stortinget og andre vedtak gjort i fellesnemnda og som fellesvedtak i kommunestyra i Fjell, Sund og Øygarden. t.d. Reglement for fellesnemnda.
- Sikra naudsynt administrative ressursar til å gjennomføra dei aktuelle arbeidsoppgåvene i samsvar med styringsdokumenta nemnt i pkt.1. Prosjektlearar skal rapportera til fellesnemnda. Prosjektadministrasjonen skal også samarbeide aktivt med rådmenn, tillitsvalde og andre sentrale personar i Fjell, Sund og Øygarden der dette er naturleg og tenleg.
- Etablera dei politiske fora og organ (arbeidsutval/-grupper o.l.) som er naudsynt for å sikra at etableringa av den nye kommunen vert gjort i samsvar med føresetnadene. Desse skal vere underlagte fellesnemnda og rapportere til denne. Prosjektadministrasjonen skal ha ansvar for sekretærfunksjonane og anna tenleg og naudsynt administrativ støtte.
- Legge til grunn vedtekne økonomiske rammer og budsjett.

Vedtak i fellesnemnda - 18.06.2018, sak PS 38/18:

- *I tillegg til vedteke prosjektmandat for prosjektleiar, jf. fellesnemnda sitt vedtak i sak 10/17, gjev fellesnemnda delegasjon til prosjektrådmannen i samsvar med dei elleve punkta som er skissert i saka.*
- *fellesnemnda delegerer mynde til prosjektrådmannen og rådmennene å etablera administrative tilsetjingsutval slik det går fram av saka.*

- *Prosjektrådmannen får mynde til å vidaredelegera tilsetjingsmynde til tilsette kommunalsjefar i den nye kommunen.*
- *Rådmann for Nye Øygarden kommune overtek prosjektrådmannen sine fullmakter når vedkomande tek til i jobben, truleg frå 01.01.2019.*


Delegasjon til prosjektrådmann/rådmennene i 11 punkt, jf. første punkt i vedtaket i sak 38/18:

1. *Vera initiativtakar, delta aktivt i og ha det administrative hovudansvaret for gjennomføring av prosessen med etablering av Nye Øygarden kommune*
2. *Utarbeida prosjektplan og sørge for etablering, gjennomføring og styring av dei administrative delprosjekta*
3. *Syta for at det vert frigitt tilstrekkeleg ressursar for gjennomføring av prosjekta*
4. *Engasjera eksterne og interne ressursar til prosjektstaben i den grad det er naudsynt for å sikra rett kompetanse og tilstrekkelege ressursar for å gjennomføra prosessen med etablering av ny kommune*
5. *Utarbeide administrativ organisasjonsmodell for den nye kommunen og gjennomføra tilsetjing i aktuelle stillingar i tråd med vedteken omstillingsavtale*
6. *Vera tilsetjingsutval for tilsetjing av kommunalsjefar, saman med 2 hovudtillitsvalte.*
7. *Etablere tilsetjingsutval for tilsetjing i stillingar i den nye kommunen og ha mynde til å delegera tilsetjingsmynde til tilsetjingsutval på kommunalsjefnivå*
8. *Vurdera behov for og å engasjera ekstern rekrutteringsbistand i samband med tilsetjing av kommunalsjefar og andre nøkkelstillingar for å sikra rett person i stillinga*
9. *Førebu og fremja saks- og vedtaksgrunnlag for politisk handsaming i samarbeid med leiinga av fellesnemnda*
10. *Rapportera til fellesnemnda om etablerte prosjekt, prosess, framdrift og administrative avgjerder 36*
11. *Mynde til å disponera fellesnemnda sine midlar i samsvar med budsjettvedtak*
Administrative tilsetjingsutval

Saker av politisk og prinsipiell karakter skal prosjektrådmannen leggja fram som sak til fellesnemnda for avgjerd. Prosjektrådmann/rådmennene skal orientera fellesnemnda fortløpande om administrative prosessar og saker.

Hovudprosjekt administrativ styring

I organiseringa av administrative prosjekt er det lagt vekt på at alle tre kommuneadministrasjonane skal vera representerte i overordna styringsgruppe og prosjektgrupper. Det skal og sikrast medverknad frå tillitsvalte og vernetenesta. Allereie etablerte delprosjekt må vurderast på nytt når det gjeld mandat og styringsgruppe.



* Delprosjekt vert oppretta av prosjektgruppene etter behov.

Forklaring til nivåa i modellen

Prosjektrådmann

- Prosjektrådmannen er prosjektleiar, og har koordineringsansvar for samanslåingsprosessen og dei ulike prosjekta.
- Prosjektrådmannen er ansvarleg for at prosjekta er effektivt organisert og har tilstrekkelege ressursar.
- Prosjektrådmannen syter for at fellesnemnda vert halden laupande orientert om status og framdrift.

Rådmannsgruppe

Består av prosjektrådmann, rådmann i Øygarden og rådmann i Fjell (Lillian Torsvik representerer rådmannen i Fjell i prosjektorganisasjonen). Dei tre rådmennene får eit særskild ansvar for gjennomføring av prosjektet.

Overordna styringsgruppe

Deltakarar i styringsgruppa er prosjektrådmann resten av rådmannsgruppa saman med fire hovudtillitsvalte, eit hovudverneombod og prosjektleiarane. Overordna styringsgruppe må vera førebudd på å verta kalla inn til møte på kort varsel. Denne gruppa skal fange opp tverrgåande problemstillingar som treng avklaring. Overordna styringsgruppe vert leia av prosjektrådmannen.

Prosjektstab

Desse personane teke ulike oppdrag frå rådmannen og fellesnemnda

Prosjektstøtte

Denne gruppa fungerer som ei ressursgruppe og vil hjelpe prosjektet med kompetanse til ulike oppgåver.

Adm.prosjekt

Administrative prosjekt er prosjektgrupper innan dei same kommunalsjefområda som den overordna administrative organiseringa. Prosjektgruppene består av ein prosjektleiar og prosjektdeltakarar som har god kunnskap om kommunalområdet. I tillegg vil 3 HTV/HVO vera deltakarar i prosjektgruppa slik at vi sikrar involvering og medverknad i tråd med Hovudavtalen og AML.

Ei særskilt oppgåve for desse prosjektgruppene vil vera å tenkja strategisk og på tvers av dei ulike fagområda. Gruppa er ansvarleg for å identifisera og etablera delprosjekt som er viktige for å nå måla for den nye kommunen.

Denne gruppa må anten løyse utfordringar sjølv, i samarbeid med andre prosjektgrupper eller bringe problemstillingar vidare til overordna styringsgruppa for avgjerd eller vidare prosess. Dersom prosjektgruppene treng ekstra ressursar frå prosjektstøtte må prosjektleiar leggje slike behov fram for prosjektrådmannen.

Prosjektgruppene kan oppretta delprosjekt etter behov. Prosjektleiar skal sikra at delprosjekt som er avhengige av leveransar frå kvarandre vert koordinert.

Prosjektgruppene vert styringsgruppe for delprosjekt dei sjølv opprettar eller som allereie er oppretta innanfor kommunalsjefområdet. Prosjektgruppa ha ansvar for at delprosjekt får mandat og framdriftsplan for oppdraget sitt.

Prosjektleder skal i utgangspunktet ikke leie delprosjekt. Medlemmene i prosjektgruppa vil kunne gå inn som delprosjektleder eller deltakere i ulike delprosjekt.

Delprosjekt

Dette er prosjekt som prosjektgruppene selv etablerer innenfor sitt kommunalsjefområde. Prosjektgruppa utpeiker delprosjektleder og deltakere i delprosjektene. Tal deltakere vil variere ut frå kva oppgåver delprosjektet skal løysa.

Delprosjektleder rapporterer til prosjektgruppa som er styringsgruppe for delprosjektet.

Prosjektmetodikk



«Prosjektveiviseren» er Difi sin anbefalte prosjektmodell for styring av digitaliseringsprosjekter i offentlege verksemdar. Denne prosjektmodellen er lagt til grunn for prosjektet med etablering av den nye kommunen.

Prosjektmandat prosjektleder

Det er utarbeida ein fast mal for mandat til prosjektleder. Mandatet sitt innhald skal ha ei tydeleg bestilling med rammevilkår og gje hovudramme for framdrift og føremål med

prosjektet. Prosjektleder må ta ansvar for at mandatet vert ytterligare tilpassa det enkelte prosjekt og at endeleg mandat vert godkjent av den overordna styringsgruppa.

Prosjektmandat delprosjektleder

Det er utarbeida ein fast mal for mandat til delprosjektledarar. Prosjektleder skal sikra at mandatet har ei tydeleg bestilling, framdrift, beskriving og definisjon av arbeidet som skal gjerast. Delprosjektleder må ta ansvar for at mandatet vert ytterligare tilpassa det enkelte prosjekt og at endeleg mandat vert godkjent av prosjektgruppa, som er styringsgruppe for delprosjekt.

Oppdrag for Fellesnemnda

Politiske prosjekt vedteke av fellesnemnda vert følgt opp av prosjektrådmannen. Til dømes utval for politisk styringsstruktur.

Oppdrag for prosjektrådmann

Prosjektrådmannen kan etablere prosjekt eller arbeidsgrupper for oppgåver som berre gjeld i prosjektperioden. Til dømes vil dette gjelda innkjøpskompetanse i prosjektperioden. Prosjekt som gjeld den nye kommunen vert løyst i dei administrative prosjekta.

Rapportering til fellesnemnda

Prosjektrådmann gir statusoppdatering om pågåande og planlagde prosjekt til Fellesnemnda sine møte kvar månad. Prinsipielle og politiske saker skal leggjast fram for Fellesnemnda til behandling.

Økonomi

Frå staten er det utbelt 35,6 millionar til dekking av eingongskostnader i prosjektperioden med etablering av Nye Øygarden kommune. Desse midlane skal gå til kjøp av IKT-løysingar, frikjøp av ressursar, kjøp av ekstern kompetanse og andre prosjektkostnader.

Kostnader i prosjektgruppene, som til dømes innkjøp av utstyr, programvare, m.v., skal godkjennast av prosjektrådmannen på førehand.

Rekneskap for prosjektet vert ført i Fjell kommune sin rekneskap med eige ansvarsnummer.

Prosjektrådmannen rapporterer økonomisk status til Fellesnemnda til kvart møte.

Overordna ROS i prosjektet

Det skal gjennomførast ei ROS-analyse for prosjektet, jamfør AML kapittel 7.

Kommunikasjonsplan

Kommunikasjon skal vera ein integrert del av den administrative prosjektorganiseringa, jf. kommunikasjonsplan fase tre.

Vedlegg 1



Øygarden kommune

Rådmann

Prinsipp for god koordinering

Prinsippa for god koordinering skal primært brukast i saker som er sektorovergripande, men kan og brukast i avdelingsmøte og liknande når ein finn det føremålstenleg. Bruken må tilpassast omfanget og kompleksiteten til oppgåvene som skal løysast, og utfordringane må løysast på lågast mogleg nivå.

Oppdraget

- Me avklarar mandat og mål
- Me definer oppgåvene
- Me avklarar mynde, ansvar, rollar og kven som er deltakarar

Rammevilkår

- Me avklarar tidsplan, - start og slutt
- Me avklarar tilgjengelege ressursar, m.a. økonomi
- Me avklarar kva som er aktuelle lover og forskrifter
- Me etablerer møtestruktur; leiing, referat, frekvens og tidsrammer
- Me følgjer sakshandsamingsrutinar

Gjennomføring

- Me held avtalte fristar
- Me gjev alle same informasjon
- Me unngår ekskluderande faguttrykk
- Me er løysingsfokuserte

Etikk

- Me gjev rom for etisk refleksjon om korleis gruppa fungerer og om gruppa sitt mandat og mål
- Me har tillit til og respekt for kvarandre
- Me går tenesteveg
- Me har engasjement i høve oppdraget
- Me tenkjer heilskapleg og medverkar til gode løysingar for brukarane

Evaluering

- Me evaluerer kontinuerleg
- Me markerer oppnådde resultat

- Me rapporterer resultat etter behov



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
57/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	15.10.2018

Oppfølging av inndelingslova knytt til kontrollutval og andre råd og utval sin rolle knytt til samanslåinga

Samandrag av saka:

Fellesnemnda har ikkje sagt noko om og korleis eventuelle råd og utval i eksisterande kommunar skal involverast i arbeidet med ny kommune, nemnda har heller ikkje bestilt oppdrag frå eksisterande råd og utval.

Nokre råd og utval har likevel sjølv teke initiativ til samarbeid mellom råda/utvala i eksisterande kommunar for å drøfta tema knytt til nye Øygarden kommune. Dette gjeld i hovudsak kontrollutvala og elderråda, etter det prosjektrådmannen er kjend med.

I sluttrapport frå utval for politisk styringsstruktur som var vedteken i fellesnemnda i møte 18.06.18, sak 42/18, er det gjort greie for kva råd og utval ein skal ha i den nye kommunen. Råd og utval i den nye kommunen vert først vald etter kommunevalet i 2019. Eksisterande råd og utval har sin funksjon til ny kommune er etablert 01.01.20.

For å sikra heilskapleg styring av prosjektet, både administrativt og politisk, må involvering av politisk deltaking styrast av fellesnemnda ved oppretting av politiske prosjekt eller referansegrupper. I prosjekt som består av både politiske representantar og administrative representantar, bør dei politiske representantane kome frå fellesnemnda. Eventuelle oppdrag til råd og utval knytt til etablering av nye Øygarden kommune bør difor, slik prosjektrådmannen ser det, vedtakast av fellesnemnda.

Fellesnemnda må i denne saka ta stilling til likelydande innstillingar som ligg føre frå kontrollutvala i Fjell, Sund og Øygarden om revisjonsteneste og sekretariatsfunksjon i den nye kommunen. Fellesnemnda må også ta stilling til kva rolle medlemmer i råd og utval i eksisterande kommunar skal ha i arbeidet med etablering av ny kommune, til dømes elderrådet.

Prosjektrådmannen legg saka fram utan innstilling, men har i si vurdering i saka sagt noko om ulike alternativ til vedtak.

Innstilling:

Straume, den 07.10.2018

Rune Lid
Prosjektrådmann

Dokument vedlagt saka:

- Vedtak i kontrollutvalet i Øygarden om revisjonsteneste (likelydande vedtak er gjort i kontrollutvala i Fjell og Sund)
- Vedtak i kontrollutvalet i Øygarden om sekretariatfunksjon (likelydande vedtak er gjort i kontrollutvala i Fjell og Sund)

Saksopplysningar:

Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (Inndelingslova) er lova som regulerer samanslåing av kommunar. Føremålet med lova er å leggja til rette for ei kommune- og fylkesinndeling som innanfor ramma av det nasjonale fellesskapet kan sikra eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre og ei effektiv lokalforvaltning. Endringar i kommune- eller fylkesinndelinga bør medverka til å skapa føremålstenlege einingar som kan gje innbyggjarane tilfredsstillande tenester og forvaltning.

Kontrollutval

I inndelingslova § 26 – Fellesnemnd, står det mellom anna slik:

Nemnda kan få fullmakt til å tilsetje personale i den nye eininga. Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor. Tilsetjing av revisor skjer på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala. Nemnda kan òg få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller vidareføre avtale med annan revisor. Tilsvarande gjeld for sekretariat for kontrollutvalet. Slikt vedtak skjer etter innstilling frå kontrollutvala.

Fellesnemnda

Det er ikkje sendt noko bestilling frå fellesnemnda til kontrollutvala om å koma med innstilling om revisjonsteneste eller sekretariat for kontrollutvalet, men kontrollutvala har teke eige initiativ til dette.

Innstillingar frå kontrollutvala

Kontrollutvala i kommunane Fjell, Sund og Øygarden har gjeve slik likelydande innstilling til fellesnemnda når det gjeld revisjonstenester:

Forslag til innstilling

1. *Nye Øygarden kommune vel å kjøpe revisjonstenester i markaden*
2. *Kontrollutvala syter for at kommunane Fjell, Sund og Øygarden får avvikla noverande revisjonskontraktar slik at dei opphøyrer 31.12.2019. Her må takast med at revisor likevel reviderar ferdig årsrekneskapen for dei tre kommunane i løpet av vårhalvåret 2020, samt avsluttar revisjonar som har starta opp på andre område, td. pågåande forvaltningsrevisjonar.*
3. *Kontrollutvala får ansvar for å gjennomføra konkurranse om revisjonstenester for nye Øygarden kommune, med verknad fom. 01.01.2020. Det inneber bl.a. utarbeiding av konkurransegrunnlag, knyta til seg naudsynt hjelp og å gjennomføra konkurransen heilt fram til at kontrollutvala innstiller overfor fellesnemnda på val av ny revisor.*

Kontrollutvala i kommunane Fjell, Sund og Øygarden har gjeve slik likelydande innstilling til fellesnemnda når det gjeld sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet:

Innstilling:

- a) *Kontrollutvalet hentar inn tilbod på sekretariatstenester frå 3 til 5 tilbydarar.*
- b) *Kontrollutvala i dei tre kommunane samordnar seg på kven som skal få høve til å kome med tilbod.*
- c) *Tilbodet gjeld for to år, med opsjon for tre nye år.*
- d) *Det skal leggjast vekt på pris og kvalitet i konkurransegrunnlaget.*
- e) *Innkjøpsgruppa som er utpeikt av fellesnemnda får i oppgåve å utarbeide framlegg til konkurransegrunnlag, som skal handsamast og godkjennast av kontrollutvala i dei tre kommunane.*

Norges kommunerevisorforbund har utarbeida ei sjekkliste for revisor, kontrollutval og sekretariat. I pkt. 4.5 – Valg av kontrollutvalgssekretariat for den nye kommunen, står det slik:

Fellesnemnda kan også få fullmakt til å videreføre sekretariatsordning for kontrollutvalget i den nye kommunen, jfr. §26 i loven.

*Kontrollutvalgene skal gje innstilling i saker om valg av sekretariatsordning. Som for revisjon, vil dette ikke føre til problemer i praksis, dersom kommunene har samme ordning. Der hvor kommunene har forskjellig sekretariatsløsning, vil det kunne bli forskjellig innstilling fra kontrollutvalgene. Det anbefales at en slik situasjon forsøkes avklart i forkant av behandlingen i fellesnemnda. **Prosjektgruppa anbefaler at det benyttes et settesekretariat til å forberede saken for kontrollutvalgene.***

Dei tre kommunane Fjell, Sund og Øygarden har ulik sekretariatsløyising. Sund og Øygarden kjøper tenesta hos Hordaland Fylkeskommune sitt sekretariat, medan Fjell nyttar eksternt advokatfirma etter gjennomført anbudsrunde.

Eldreråd

Prosjektrådmannen er kjend med at eldreråda i dei tre kommunane har etablert fellesmøte i samband med etablering av nye Øygarden kommune.

Prosjektrådmannen har motteke e-post frå Fjell eldreråd der dei viser til følgjande vedtak i sitt møte 12.09.2018:

Fjell eldreråd oppmodar om å få med ein representant i arbeidsgruppe/prosjektgruppe som skal kartlegge omsorgssektoren sine tenester og bustader for eldre, i nye Øygarden kommune.

Vurdering:

Prosjektrådmannen meiner det er fint at råd og utval er ivrige og tek sjølvstendige initiativ i samanslåingsprosessen. Det er likevel viktig at bestillingar om oppdrag kjem formelt frå fellesnemnda for å sikra heilskapleg oversikt og god prosjektstyring på alle nivå i tråd med prosjektplanen, intensjonsavtalen, lov og forskrift, m.v.

Innstillingar frå kontrollutvala

Fellesnemnda må i denne saka ta stilling til dei likelydande innstillingane frå kontrollutvala i Fjell, Sund og Øygarden som ligg føre om revisjonstenester og sekretariat for kontrollutvalet i den nye kommunen.

Fellesnemnda kan velje å vedta innstillingane frå kontrollutvala slik dei ligg føre.

Alternativt kan fellesnemnda velje å vedta vedtakspunkt 2 i samsvar med innstillinga frå kontrollutvala. Dette vedtakspunktet inneber å avvikla noverande revisjonskontraktar slik at dei opphøyrer 31.12.2019. Dei andre punkta i innstillingane om revisjonsteneste og sekretariatsfunksjon kan fellesnemnda velje å gje prosjektrådmannen i oppdrag å følgja opp.

Andre råd og utval

Når det gjeld andre råd og utval kan fellesnemnda til dømes gjera slikt vedtak for å sikra heilskap og styring av prosjektet med etablering av ny kommune:

1. Råd og utval i eksisterande kommunar skal ikkje jobba med oppgåver i ny kommune. Fellesnemnda etablerer sjølv politiske prosjekt og peikar sjølv ut kven som skal delta i slike prosjekt. Det skal ikkje vera politisk deltaking i dei administrative prosjekta der prosjektrådmannen har fått delegert mynde, men prosjektrådmannen kan leggja fram sak for fellesnemnda dersom det er ønskjeleg med politiske referansegrupper i tilknytning til dei administrative prosjekta.



Fellesnemnda Nye Øygarden kommune

Vår sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Dykkar ref.:
Vår ref: 2018/51
Vår dato: 03.10.2018

Partsbrev - Val av revisjonsordning for Nye Øygarden kommune

Vedlagt følger partsbrev i sak PS 44/18 «Val av revisjonsordning for Nye Øygarden kommune», frå møte i kontrollutvalet i Øygarden kommune 04.09.2018.

Fellesnemnda skal ta endeleg avgjerd i saka etter innstilling frå kontrollutvalet i kommunane Fjell, Sund og Øygarden.

Med helsing

Hogne Haktorsen
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:

Fjell kommune
Sund kommune
Øygarden kommune
Ordførar Fjell kommune
Ordførar Sund kommune
Ordførar Øygarden kommune
Utvalseiar Øygarden kommune

Arkivsak: 210
 Arkivnr: 2018/51-1
 Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Øygarden kommune	44/18	04.09.2018

Val av revisjonsordning for Nye Øygarden kommune

Bakgrunn for saka

Det er vedteke at kommunane Sund, Øygarden og Fjell skal slå seg saman til Øygarden kommune fom 01.01.2020.

Det er fleire forhold som må avklarast før samanslåing, og eit av dei er kva revisjonsordning den nye kommunen skal ha. Av kommunelova § 78 nr. 3 kjem det fram at kommunen kan velja mellom tre revisjonsordningar:

«Kommunestyret eller fylkestinget avgjør selv om kommunen eller fylkeskommunen skal ansette egne revisorer, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annen revisor. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra kontrollutvalget.»

Saka vil gå til dei tre kontrollutvala som innstiller om revisjonsordninga overfor fellesnemnda, under føresetnad av at fellesnemnda har fått fullmakt til å ta slik avgjerd.

Denne saka gjeld val av revisjonsordning i den nye kommunen. I tillegg vil det koma ei sak om val av revisor når det er fatta endeleg vedtak om revisjonsordning.

Drøfting

I Noreg er det flest interkommunale revisjonsordningar, medan det i Hordaland er mest vanleg med privat revisjon. Sekretariatet er kjent med at det er om lag 60 kommunar og to fylkeskommunar som har privat revisjon i dag. I Hordaland har 20 av 33 kommunar, samt Hordaland fylkeskommune, privat revisjon.

Ved årsskiftet 2011/2012 var det seks kommunar og fire fylkeskommunar som hadde ei ordning med egne tilsette revisorar. (Jmf. NKRF, Utredning om og valg av revisjonsordning m.m., Veileder av mars 2012., side 12)

Privat revisjon.

Alle kommunane som skal slåast saman har hatt privat revisjon i fleire år fordelt på fleire avtaleperiodar. Då kommunane Sund og Øygarden sist ba om tilbod på revisjonstenester vart mellom anna dette etterspurt i konkurranseutlysinga:

- Tilstreккеleg gjennomføringsevne og kapasitet i høve til ytingane som skal leverast,
- Kjernekompetanse relatert til leveringa, inkludert skildring av tilgang til juridisk kompetanse knytt til leveransen
- Skildring av løysing av oppdrag som går utover eigen kompetanse, med eventuell forpliktingsfråsegn frå underleverandør.
- System for kvalitetssikring.
- God finansiell og økonomisk stilling,
- Kommunen nyttar nynorsk målføre. Rapportar til politiske organ skal derfor skrivast på nynorsk. Som hovudregel skal korrespondanse med kommunen skje på nynorsk.
- Leverandøren sitt løysingsforslag skal inkludere forslag til organisering med prosjektplan og framdriftsplan. Arbeidsmetodikk, årsrytme, forslag til møtefrekvens etc. bør vere ein del av dette.

Dei private revisjonsselskapa som har oppdrag i norske kommunar er i det alt vesentlege store selskap med mange tilsette. Desse tilbyr tenester med høg kompetanse innanfor eit breitt spekter av oppgåver. Noko sjeldnare går oppdraget til mindre private firma.

Å kjøpa tenester frå privat revisor er fullt ut ei tenleg ordning.

Om eigen revisor.

Det er i all hovudsak store kommunar og fylkeskommunar som har eigne revisorar. Døme er Oslo kommune og Trondheim kommune. I Hordaland er det ingen kommunar som har slik revisjonsordning. Det står i kommunelova § 78 nr. 2:

Revisjonsarbeidet skal omfatte regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Det er stor breidde på ansvarsfeltet innafor begge desse revisjonsformene. Det bør vera breiddekompetanse i revisjonen. Noverande budsjett til revisjonsarbeidet i dei tre kommunane gjev i beste fall rom for å tilsetta 1-2 revisorar. Då vil ein mangla breiddekompetanse og ordninga er kritisk sårbar ved sjukdom og ledighet i stillinga. Uavhengighet vil og vera eit spørsmål – når det kun er ein eller to revisorar som er såpass «tett på» kommunen.

Det kan på bakgrunn av bl.a. manglande breiddekompetanse, sårbarhet og risiko ift. uavhengighet ikkje tilråast å gå for ei slik løysing.

Om interkommunale selskap.

Interkommunale revisjonsselskap leverer revisjonstenester i heile landet. Men, kompetansebreidde og stordriftsfordelar aukar jo større selskapet er, medan sårbarhet er større jo mindre selskapet er.

Dersom ein skal vera del av eit interkommunalt selskap, må ein også finna ut kva selskap som evnt. ville vore aktuelt å gå inn i. Ein må vera merksam på at det er få og relativt små interkommunale revisjonsselskap att i Hordaland. Det dreiar seg om Nordhordland revisjon IKS og Indre Hordaland Revisjonsdistrikt, kvar av dei med 4-5 tilsette.

I nabofylka er det eit større interkommunalt revisjonsselskap i søre del av Rogaland som heiter Rogaland Revisjon IKS. I Sogn og Fjordane er det tre revisjonsselskap som i desse dagar arbeidar med å slå seg saman.

Konklusjon

Kommunane Sund, Øygarden og Fjell har i dag alle privat revisjon, og er etter det sekretariatet kjenner til nøgd med denne ordninga. Det er såleis nærliggande å tru at ein og ønskjer at denne ordninga skal gjelde for Nye Øygarden kommune.

Forslag til innstilling

1. Nye Øygarden kommune vel å kjøpe revisjonstenester i markaden
2. Kontrollutvala syter for at kommunane Fjell, Sund og Øygarden får avvikla noverande revisjonskontraktar slik at dei opphøyrer 31.12.2019. Her må takast med at revisor likevel reviderar ferdig årsrekneskapen for dei tre kommunane i løpet av vårhalvåret 2020, samt avsluttar revisjonar som har starta opp på andre område, td. pågåande forvaltningsrevisjonar.
3. Kontrollutvala får ansvar for å gjennomføra konkurranse om revisjonstenester for nye Øygarden kommune, med verknad fom. 01.01.2020. Det inneber bl.a. utarbeiding av konkurransegrunnlag, knyta til seg naudsynt hjelp og å gjennomføra konkurransen heilt fram til at kontrollutvala innstiller overfor fellesnemnda på val av ny revisor.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Øygarden kommune - 04.09.2018

Handsaming i møtet:

Sekretariatet orienterte om saka gjeldande ny revisjonsordning for Nye Øygarden kommune, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet..

Saka skal og handsamast i kommunane Fjell og Øygarden, og vedtaka frå dei tre kontrollutvala skal sendast til fellesnemnda for Nye Øygarden kommune, som skal fatte endeleg vedtak i saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

1. Nye Øygarden kommune vel å kjøpe revisjonstenester i markaden
2. Kontrollutvala syter for at kommunane Fjell, Sund og Øygarden får avvikla noverande revisjonskontraktar slik at dei opphøyrer 31.12.2019. Her må takast med at revisor likevel reviderar ferdig årsrekneskapen for dei tre kommunane i løpet av vårhalvåret 2020, samt avsluttar revisjonar som har starta opp på andre område, td. pågåande forvaltningsrevisjonar.
3. Kontrollutvala får ansvar for å gjennomføra konkurranse om revisjonstenester for nye Øygarden kommune, med verknad fom. 01.01.2020. Det inneber bl.a. utarbeiding av konkurransegrunnlag, knyta til seg naudsynt hjelp og å gjennomføra konkurransen heilt fram til at kontrollutvala innstiller overfor fellesnemnda på val av ny revisor.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Fellesnemnda Nye Øygarden kommune

Vår sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Dykkar ref.:
Vår ref: 2016/95
Vår dato: 03.10.2018

Partsbrev - Sekretariatsordning for kontrollutvalet i nye Øygarden kommune

Vedlagt følger partsbrev i sak PS 45/18 «Val av sekretariatsordning for Nye Øygarden kommune», frå møte i kontrollutvalet i Øygarden kommune 04.09.2018

Fellesnemnda skal ta endeleg avgjerd i saka etter innstilling frå kontrollutvalet i kommunane Fjell, Sund og Øygarden.

Med helsing

Hogne Haktorsen
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:

Fjell kommune
Sund kommune
Øygarden kommune
Ordførar Fjell kommune
Ordførar Sund kommune
Ordførar Øygarden kommune
Uvalsleiar Øygarden kommune

Saksframlegg

Arkivsak: 601
 Arkivnr: 2016/95-4
 Sakshandsamar: Per Morken

Saksgang

Utal	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Øygarden kommune	45/18	04.09.2018

Sekretariatsordning for kontrollutvalet i nye Øygarden kommune

Saka vart handsama første gang i møte 02.05.2018, sak PS 31/18 og så i møte 06.06.2018 PS 37/18.

Utvalsleiar vil at kontrollutvalet også i dette møtet drøftar sekretariatsordning for kontrollutvalet i nye Øygarden kommune.

Forslag til innstilling

Lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Øygarden kommune - 04.09.2018**Handsaming i møtet:**

Sekretær Helge Inge Johansen var ikkje tilstade ved handsaming av denne saka.

Etter avtale med utvalsleiar er sekretariatet blitt beden om å protokollføre dette vedtaket, som vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

- a) Kontrollutvalet hentar inn tilbod på sekretariatstenester frå 3 til 5 tilbydarar.
- b) Kontrollutvala i dei tre kommunane samordnar seg på kven som skal få høve til å kome med tilbod.
- c) Tilbodet gjeld for to år, med opsjon for tre nye år.
- d) Det skal leggjast vekt på pris og kvalitet i konkurransegrunnlaget.
- e) Innkjøpsgruppa som er utpeikt av fellesnemnda får i oppgåve å utarbeide framlegg til konkurransegrunnlag, som skal handsamast og godkjennast av kontrollutvala i dei tre kommunane.

Per Morken
 Utvalsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
58/18	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune	15.10.2018

Nye Øygarden kommune - oppstart av arbeid med ordførarkjede

Samandrag av saka:

Saka gjeld eventuell bestilling frå fellesnemnda om oppdrag for utarbeiding av nytt ordførarkjede for nye Øygarden kommune.

I intensjonsavtalen er det bestemt at Sund kommune sitt kommunevåpen skal nyttast for den nye kommunen. Sund kommune sitt ordførarkjede har symbol frå Sund kommune lokalt og symbola er soleis ikkje dekkande for den nye kommunen. Fellesnemnda bør difor vurderer om det skal utarbeidast eit nytt ordførarkjede for den nye kommunen. Eit nytt ordførarkjede må ta utgangspunkt i kommunevåpenet for den nye kommunen, men må ha symbol som er dekkande for heile den nye kommunen.

Proessen med å utarbeide eit nytt ordførarkjede tek tid og fellesnemnda bør difor allereie no ta stilling til om dei ønskjer at prosessen skal starta opp slik at nytt ordførarkjede er på plass til 01.01.20.

Å utarbeide nytt ordførarkjede er eit politisk spørsmål og det bør difor setjast ned eit politisk utval som får i oppdrag å arbeide med prosessen. Prosjektrådmannen gjev ikkje innstilling i saka, men har i si vurdering skissert to alternative forslag til vedtak.

Innstilling:

Straume, den 07.10.2018

Rune Lid
prosjektrådmann

Dokument vedlagt saka:

Ingen.

Saksopplysningar:

Å utarbeide nytt ordførarkjede er ein prosess som tek tid. Det må innhentast tilbod på oppdraget frå sylvsmed og det må jobbast med aktuelle symbol i eit slikt kjede som skal symbolisera heile den nye kommunen.

I intensjonsavtalen er det bestemt at kommunevåpenet i nye Øygarden kommune skal vera kommunevåpenet i dagens Sund kommune. Kommunevåpenet må inngå i eit nytt ordførarkjede, men kjede må tilpassast heile den nye kommunen når det gjeld lokale symbol eller.

Fellesnemnda må sjølv ta stilling til om dei ønskjer å starta ein prosess med utarbeiding av forslag til ordførarkjede for nye Øygarden kommune. Fellesnemnda må også ta stilling til om dei vil etablere ei eiga politisk arbeidsgruppe som får i oppdrag å utarbeide forslag til ordførarkjede for den nye kommunen eller om oppdraget kan gjevast til eit av dei politiske utvala som allereie er etablert, til dømes utval for politisk styringsstruktur.

Dersom fellesnemnda opprettar eit eige utval som skal jobba fram forslag til ordførarkjede, bør dette utvalet ikkje vera for stort, ein storleik på mellom 3 – 5 medlemmar vil truleg vera passande. Prosjektrådmannen stiller med sekretariatsfunksjon for utvalet.

Utval for politisk styringsstruktur har hatt som oppgåve å utarbeide reglement for folkevalde, utarbeide etisk reglement og koma med forslag til korleis ein kan nytta oppgåveutval i den nye kommunen. Alternativt kan det soleis vera naturleg om dette utvalet også får som tilleggsoppgåve å gjennomføre prosessen med å utarbeide forslag til ordførarkjede for den nye kommunen. Prosjektrådmannen har allereie stilt sekretariatsfunksjon til rådvelde for dette utvalet.

Vurdering:

Prosjektrådmannen gjev ikkje innstilling i saka, men gjev nedanfor forslag til ulike alternative vedtak som fellesnemnda kan ta stilling til.

Alternativ 1

1. Fellesnemnda opprettar eit utval på X medlemmar frå fellesnemnda som får i oppdrag å utarbeide forslag til ordførarkjede for nye Øygarden kommune. Forslag til ordførarkjede skal leggjast fram for fellesnemnda til avgjerd. Utvalet får namnet «Utval for ordførarkjede». Utvalet får desse medlemmane:
.....
.....
.....
2. Ordførarkjede skal vera klart til bruk 01.01.20
3. Prosjektrådmannen stiller sekretariatsfunksjon til rådvelde for utvalet.

Alternativ 2

1. Fellesnemnda gjev utval for politisk styringsstruktur som tilleggsoppgåve å utarbeide forslag til ordførarkjede for nye Øygarden kommune. Forslag til ordførarkjede skal leggjast fram for fellesnemnda til avgjerd.
2. Ordførarkjede skal vera klart til bruk 01.01.20